



J O Kyte AS

Postboks 7900
5318 Strusshamn

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar – tlf. Arkivkode Dato
2006/2326 - 0 - 1125/2008 Linda Folkestad - 56375170 56/10 16.01.2008

Vedrørande løyve til avkjørsle frå kommunal veg, Hopens Vel, Hundvin (gnr.56, bnr.10)

I forbindelse med synfaring i området rundt Hundvin kai har vegavdelinga blitt oppmerksam på at avkjørsla til Hopens Vel ikkje samsvarer med løyve som er gitt. Slik det ser ut i dag blir veg utforma utanfor dei vilkåra som ligg bak godkjenning av avkjørsla frå kommunal veg.

- Avkjørsla skal i følgje vilkår satt i løyve utformast slik at den ligger i same nivå som hovudvegen. Kjøretøy som skal ut av avkjørsla skal derfor være i nivå med hovudveg før dei svingar ut i kommunal veg. Dimensjonen på avkjørsla skal også være slik at det er mulig for ein liten lastebil å svinge inn og ut frå parkeringsplass i begge retningar. Etter det vegavdelinga har fått opplyst av anleggsarbeidar er dagens utforming av avkjørsla slik den er tenkt bygd.
- Svingradius frå avkjørsla skal altså være slik at ein kan svinge både til høgre og venstre ut frå avkjørsla. Svingradius er satt til minimum 4m.
- Viser elles til at avkjørsla ikkje ser ut til å ha blitt plassert slik vegavdeling har satt som vilkår. Avkjørsla ble frå vegavdelinga sin side flytta lenger opp i bakken grunna dårlig sikt. I tillegg til siktforholda mente vegavdelinga at avkjørsla, slik den opphavleg var tiltenkt, ville komme i konflikt med eksisterande avkjørsle på motsatt side av kommunal veg.

I forbindelse med registrert aktivitet i området etterlyser vegavdelinga utarbeida plan for avkjørsla som er bedt om i brev sendt 4. september 2007. Avkjørsla må, etter krav frå vegavdelinga, byggast opp med mur (egne krav for masser og drenering) for at den skal tilfredsstille dei krav vegavdelinga har til sikt og svingradius. Ein mur av denne størrelsen er også søknadspliktig. Vi ber Dykk derfor snarast sende utarbeida plan for godkjenning hos oss. For at løyve som er gitt skal være gyldig, må avkjørsla utarbeidast etter dei vilkår vegavdelinga har satt.

Med helsing
for
einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift